



Helse Vest RHF  
Att. Herlof Nilssen  
Postboks 303, Forus  
4066 STAVANGER

Vår ref: (oppgjø ved kontakt)  
2011/1979 - 19437/2011

Dykkar ref.:

Saksbeh.: Jon Bolstad,  
tlf: 57839020

FØRDE,  
14.12.2011

### Vedrørende spørsmål om jordmorstyrt fødestove ved Nordfjord sjukehus

Med bakgrunn i protokoll frå føretaksmøtet 4. mai 2011 skulle Helse Førde HF innan 31. desember 2011 avklare om det er grunnlag for å etablere ei jordmorstyrt fødestove ved Nordfjord sjukehus.

”... dersom kommunane i Nordfjordregionen samla ber om ei jordmorstyrt fødestove, er Helse Vest RHF innstilt på å leggje til rette for det.”

Helse Førde har i brev av 23.9.2011 til alle kommunane i Nordfjord bedt avklart om kommunen ynskjer at det vert etablert ei jordmorstyrt fødestove ved Nordfjord sjukehus når fødeavdelinga vert slått saman med fødeavdelinga i Volda oktober 2012. Frist for tilbakemelding var 30. oktober 2011. Vi har motteke svar frå 6 av dei 7 kommunane.

*Samanfatta er svara slik (sjå evt også vedlegg med fullstendige svar):*

#### ***Gloppen kommune***

Gloppen kommune meiner at det for dei fødande frå Gloppen sin del ikkje er grunnlag for å etablere ei jordmorstyrt fødestove ved Nordfjord sjukehus, men at dei fødande i Gloppen er betre tente med ei god følgjeteneste.

Dei syner også til tidlegare fråsegn frå Nordfjorrådet.

#### ***Hornindal kommune***

Gjev ein administrativ uttale og seier at dei vil ettersende politisk uttale i løpet av november 2011 (her ikkje motteke slik uttale 13.12.2011). I utgangspunktet ynskjer dei og behalde fødeavdelinga.

Dei svarar ikkje på om kommunen ynskjer ei jordmorstyrt fødestove ved Nordfjord sjukehus, men har ei rekkje spørsmål som gjeld forholdet mellom kommunalt ansvar og ansvar hos spesialisthelsetenesta. Dei meiner derfor dei ikkje har grunnlag for og gje uttale og det er umogeleg for dei og seie om dei ynskjer ei jordmorstyrt fødestove.



### ***Stryn kommune***

Vedtak: Med åpning av Kvivsvegen kjem fødande frå Stryn truleg til og velje fødeavdelinga i Volda framfor jordmorstyrt fødestove på Eid, jfr. fritt sjukehusval og omlag same reistid som til Eid.

Fastlegar og jordmødre sine fagleg argument om at kvaliteten ikkje vert god nok til å takle uføresette situasjonar og at deira ansvar vert for stort ved ei jordmorstyrt fødestove. Signal frå fødande i Nordfjordkommunane tilseier at fødselstalet på eit jordmorstyrt fødestove vil verte **særs** lavt.

Det er uvisse knytt til konsekvensar for retten til fylgjeteneste dersom jordmorstyrt fødestove vert etablert.

Med bakgrunn i dette seier Stryn kommune nei til etablering av jordmorstyrt fødestove.

### ***Eid kommune***

Viser til tidlegare fråsegn frå Nordfjorrådet i denne saka.

Eid kommune har drøfta saka, og utan nye relevante kunnskapar/opplysningar, finn ikkje Eid kommune grunnlag for å endre sin tidlegare uttale vedkommande etablering av jordmorstyrt fødestove ved NSH.

### ***Vågsøy kommune***

Viser til at fastlegar og jordmødre som ikkje ynskjer ei jordmorstyrt fødestove. Dei har likevel mange spørsmål, m.a. kring følgjetenesta. Dei skriv at med bakgrunn i all usikkerheit omkring kva Nordfjord sjukehus skal tilby i framtida og kva kommunane skal stille opp med, er det uråd for kommunen og gje eit svar på om det er ønskjeleg eller ikkje med ei jordmorstyrt fødestove på Nordfjord sjukehus når fødeavdelinga vert lagt ned i 2012.

### ***Selje kommune***

Selje kommune seier nei til jordmorstyrt fødestove ved Nordfjord sjukehus, dette med bakgrunn i faglege vurderingar gjort av jordmødrene, kommunelegane, fagekspertgruppa i Helse Førde og legeföreininga.

Ber om at fødeavdeling ved Nordfjord sjukehus ikkje vert lagt ned før det er på plass ei fullverdig følgjeteneste med jordmor.

### ***Bremanger kommune***

Ikkje svart.



### Oppsummering:

Stryn kommune, Gloppen kommune, Selje kommune og Eid kommune seier klart nei til etablering av jordmorstyrt fødestove ved Nordfjord sjukehus etter nedlegging av fødeavdelinga.

Vågsøy kommune og Hornindal meiner at dei ikkje har tilstrekkelege kunnskapar om bl.a. følgjeteneste og korleis ein skil mellom kommunale oppgåver og spesialisthelsetenestene sine oppgåver. Dei ynskjer svar på ein del spørsmål før dei kan ta avgjerd.

Det er også andre kommunar som stiller spørsmål, spesielt i forhold til følgjeteneste. Helse Førde konstaterer at kommunane i Nordfjord samla ikkje ynskjer etablering av jordmorstyrt fødestove ved Nordfjord sjukehus.

Helse Førde ynskjer etter dette å starte dialogen med kommunane i løpet av januar 2012 for å starte arbeidet med avtalar om følgjeteneste m.v.

Helseforetaket etablerer også poliklinikk for gynekologi/gravide ved Nordfjord sjukehus i løpet av 2012.

Med dette informerer Helse Førde om at ein ser seg ferdig med avklaringsprosessen rundt jordmorstyrt fødestove ved NSH, og at ein legg dette til grunn i høve dei tilsette og for samhandlinga med Volda om felles fødeavdeling.

Med helsing

Jon Bolstad  
Adm. direktør

Kopi: Styreleiar Clara Øberg  
Direktør Tore Dvergsdal